Lund og Laastad Arkitekter AS
Strandgaten 201
5004 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Anne Lise Molvik | 28.08.2019 |
| Vår: 19/36 - 19/25737 | anne.lise.molvik@lindas.kommune.no | |

# Førebels svar på søknad om ferdigattest - gbnr 124/24 Kjeilegavlen

**Tiltak:** Fritidsbustad
**Byggjestad:** Gbnr: 124/24
**Tiltakshavar:** Sijoni Invest AS
**Ansvarleg søkjar:** Lund og Laastad Arkitekter AS

Kommunen viser til søknad om ferdigattest for fritidsbustad på gbnr 124/24 journalført mottatt 22.08.2019 og samtale med ansvarleg søkjar om saka i dag.

Vi har gjennomgått søknaden og ser at vilkåra gitt i rammeløyvet datert 22.02.2019, i forhold til avkøyrsle, vatn og avløp ikkje er oppfylt. Dette gjeld sak 14/6550 der det ikkje ligg føre ferdigattest for omlegging av avkøyrsle, sak 18/1809 der det ikkje ligg føre ferdigmelding for tilknyting til kommunalt vassverk og sak 18/2704 der det ikkje ligg føre ferdigattest for felles avløpsanlegg.

Lenke til sakene i kommunen si innsynsløysing:
Utbetring av avkøyrsle
Tilknyting til kommunalt vassverk
Felles avløpsanlegg

Kommunen kan ikkje gje ferdigattest for fritidsbustaden før sakene som gjeld avkøyrsle, vatn og avløp er avslutta med ferdigmelding eller ferdigattest etter plan- og bygningslova. Kommunen vil handsama sakene parallelt. Dersom nødvendig ferdimelding/ferdigattest for avkøyrsle, vatn og avløp ikkje ligg føre innan 15.10.2019 vil kommunen likevel ta søknaden om ferdigattest til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Anne Lise Molvik<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Lund og Laastad Arkitekter AS | Strandgaten 201 | 5004 | BERGEN |
| Sijoni Invest AS | Fabrikkgaten 5 | 5059 | BERGEN |
| Sijoni Invest AS | Fabrikkgaten 5 | 5059 | BERGEN |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Lund og Laastad Arkitekter AS | Strandgaten 201 | 5004 | BERGEN |